



Vvs Eksperten Askøy As
Postboks 117
5318 STRUSSHAMN

Referanser:

Dykkar: Ref.:ZB4SY4-

Skjemanr.:3934

Vår: 23/1396 - 23/16170

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

27.02.2023

Godkjent rørleggarmelding - gbnr 212/150 Eikanger øvre - Bygg C

Vi viser til rørleggarmelding motteke 13.02.2023 med vedlagt situasjonsplan (VA-kart) og etterspurde teikningar motteke 17.02.2023.

Adresse byggeplass:

Torvhusmyrane 33 C – Gbnr 212/150

Type bygg:

Lagerbygg

Type arbeid:

Tilknytting kommunalt vatn og avløp

Rørleggarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkledningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.

Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar.

Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje i gong setjast før gebyr er betalt.

Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Tilbakeslagsikring:

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagssikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftstasjonen på Stølen 7.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Registreringsskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga.

Vassmålar skal lesast av årleg av abonnent. Hugs å føra på skjema kva a-konto størrelse i m3 me skal leggja inn på kunde pr. år. Det må også komma tydeleg fram kven som er fakturamottakar/iltakshavar og org. Nr.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rør føring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Det vil ikkje bli skrivne ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mittegetlokale Vestland As

Sandviksbodene 5035
5

Bergen

Mottakarar:

Vvs Eksperten Askøy As

Postboks 117 5318

STRUSSHAMN